

NVE  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO



Dykkar ref.: Ola Hermansen  
Vår ref.: 1394122 / 1

20.03.2018

## **Tilsvar frå Sogn og Fjordane Energi AS - Høringsbrev – endringer i beredskapsforskriften**

Syner til motteke høringsbrev 19.12.2017 – ref. 201709983-1.

SFE sitt høringssvar er samla og formidla på vegne av SFE sine KBO-einingar, samt avdelingane i MOR selskapet som vert berørt.

SFE er positiv til at forskrifta vert gjennomgått og endra, og ei tilpassing til sikkerhetslovverket.

SFE har nokre kommentarar til foreslege endringar:

**§ 6-2 g.** Dei fleste har frå før kjennskap til kor driftssentralen held til, så det vil ha lita praktisk verdi å endre forskrifta.

### **§ 6-7. Personkontroll**

Det vil vere viktig med ei presisering om bakgrunnssjekk av personar før tilsetting gjeld alle tilsetningar, eller berre dei som kan få tilgang til sensitiv informasjon.

Endringa vil vere arbeidskrevjande og medføre ei kredittvurdering av mange tilsette. Kva vil vere konsekvensane ved kredittsjekk som ikkje godkjennast? Det bør vere ei presisering om det òg omfattar eksterne som skal inn på anlegga.

### **§ 6-10. Brytefunksjonalitet i avanserte måle- og styringssystem (AMS)**

SFE Nett er medeigar i eit firma som heiter Valider med lokasjon i Bergen. På sikt vert funksjonaliteten overført til SFE Nett som handterer dette via kundeinformasjonssystemet Customer.

- a. Dei utfører fjernstyring av bryterfunksjonen i dag etter forespørsel frå det enkelte nettselskap. Er dette eit problem? Dei har tilhald i eit bygg med adgangskontroll. På sikt vil denne funksjonaliteten bli flytta over i

Customer med passordbeskytta tilgang for 1-2 personer. Må vi då ha tilgangen knytt til ein PC som ikkje kan flyttast ut av den adgangskontrollerte sona?

- b. Det fungerer slik i dag at selskapa må inn og stenge 1 og 1 målepunkt via separate stengeordrer til Valider( seinare via Customer og Elwin hos kvart enkelt Nettselskap). Det er no lagt inn forslag i Kravforum om at det bør vere mulig å stenge fleire abonnement via 1 stengeordre (mest aktuelt for dei store selskapa med fleire titalls stengeordrer i veka). Dette kan slik SFE ser det, ikkje gjennomførast slik forskrifta vert utforma no.

### **§ 7-1. Generell plikt til å beskytte driftskontrollsystemet**

Det vil vere bra om ein kvalitetssikrar at Driftssentral/driftssentralsystem får ein presis definisjon.

Venleg helsing  
Sogn og Fjordane Energi



Else Margrethe Larsen

Beredskapskoordinator